



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Eidfjord kommune
Møtestad:	, Fjernmøte
Dato:	06.05.2021
Tid:	09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kjartan Haugsnes møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Møtet vert gjennomført som eit fjernmøte, med heimel i kommunelova § 11-7 og midlertidig lov om unntak fra kommuneloven og IKS-loven (tiltak for å avhjelpe konsekvenser av (covid-19)
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2020-11_06_126?q=Midlertidig%20lov%20om%20unntak%20fra

Jostein Hovland
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.02.2021	2020/65	
	Politiske saker		
PS 9/21	Orientering frå ordførar, hending i fjellet	2020/161	
PS 10/21	Orientering frå rådmann, spørsmål til smittehandtering	2020/161	
PS 11/21	Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune	2020/66	
PS 12/21	Årsrekneskap og årsmelding for Eidfjord kommune 2020 - uttale frå kontrollutvalet	2020/68	
PS 13/21	Rapport forvaltningsrevisjon ny sjukeheim i Eidfjord.	2017/44	
PS 14/21	Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding	2021/8	
PS 15/21	Årsmelding for Kontrollutvalet i Eidfjord kommune 2020	2020/123	
PS 16/21	Eventuelt	2020/69	
	Referatsaker		
RS 2/21	Saksliste representantskapsmøte IHM IKS	2020/69	
RS 3/21	Finansrapport 2020	2020/68	
RS 4/21	FKT - medlemsinformasjon april 2021	2020/69	

Godkjenningssaker
GK 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/65-19
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	8/21	06.05.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.02.2021

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 04.02.2021 vert godkjent

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll frå møte 04.02.2021



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Eidfjord kommune
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	04.02.2021
Tid:	09:00 - 11:45

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jostein Hovland	Leiar	AP
Kjell Ove Tveit	Nestleiar	
Haldis Myrvang Riber	Medlem	AP
Anita Fredheim Limstrand	Medlem	
Kari Lægreid	Medlem	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Kjartan Haugsnes	Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Olav Arne Stuland	IT - ansvarleg Eidfjord kommune
Janne Eraker	Dagleg leiar Vestlandsrevisjon IKS
Anders Vatle	Ordførar (Til PS 12/02)
Elin Bye	Oppdragsansvarleg Vestlandsrevisjon IKS
Arne Gilbakken	Forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS

Jostein Hovland
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/21	Godkjenning av protokoll frå møte 27.11.2020	2020/65	
	Politiske saker		
PS 1/21	Orientering frå ordførar - henvending	2020/161	
PS 2/21	Orientering frå rådmann - digitalisering av kommunale tenester	2020/161	
PS 3/21	Rapport forvaltningsrevisjon ny sjukeheim i Eidfjord kommune	2017/44	
PS 4/21	Prosjektplan forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling	2021/8	
PS 5/21	Orientering frå revisor - nytt frå revisjonen.	2016/43	
PS 6/21	Møteplan for Kontrollutvalet 2021	2020/67	
PS 7/21	Kontrollutvalet på kommunen si heimeside.	2021/9	
PS 8/21	Eventuelt	2020/69	
	Referatsaker		
RS 1/21	Spørsmål	2020/118	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

GK 2/21 Godkjenning av protokoll frå møte 27.11.2020

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 27.11.2020 vert godkjent.

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møtet 27.11.2020

Vedtak

Protokoll frå møtet 27.11.2020 vart godkjent.

Politiske saker

PS 1/21 Orientering frå ordførar - henvending

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Ordførar Anders Vatlø orienterte og svara på spørsmål.

Utgangspunkt var prosess fram mot hovudforhandlingar i tingretten 12.01.2021 der Eidfjord kommune var part.

- Fredag 08.01.21 tok motparten kontakt
- Partane utarbeida skisse til forlik laurdag og laurdag kveld 09.01.21
- Ordførar ønska forankring i formannskapet og kalla inn formannskapet på kort varsel
- Kvifor vart ikkje møtet utsett til mandag 11.01.21? Etter råd/ønske frå kommuneadvokat om å få avklaring på søndag vart det innkalla til ekstra formannskapsmøte søndag 10.01.21kl. 09.00 på Teams. Alle medlemmer møtte.
- Det vart stilt spørsmål om innkalling, men møtet vart gjennomført.

Etter sams drøfting i utvalet vil ikkje kontrollutvalet gå vidare med saka og informasjonen vart teken til orientering

Forslag til vedtak samrøyste

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 2/21 Orientering frå rådmann - digitalisering av kommunale tenester

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

IT - ansvarleg Olav Arne Stuland orienterte og svara på spørsmåla.

1. Har kommunen teke i bruk automatisert saksbehandling eller tenesteyting? Gjer greie for på kva områder kommunen har eller vil nytta slik teknologi?

Svar: Eidfjord kommune nyttar ikkje automatisert sakshandsaming.

2. Har kommunen tatt i bruk velferdsteknologi som kan skapa utfordringar i forhold til planlegging og gjennomføring av revisjon og kontrollarbeid?

Svar: Kommunen kjenner ikkje til slike utfordringar, ikkje planar om å utvide til teknologi som skal gje slike utfordringar.

3. Er det bestemte områder innen velferdsteknologi kommunen ser behov for revisjon og kontrolltiltak? Spørsmålet er tenkt å gi innspel på områder for mogleg kompetanseheving knytt til revisjons- og sekretariatsarbeidet i samband med auka bruk av digitaliserte tenester.

Svar: Har berre tradisjonell velferdsteknologi som ikkje vil gje slike utfordringar pr. idag.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 3/21 Rapport forvaltningsrevisjon ny sjukeheim i Eidfjord kommune

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord kommune til etterretning
2. Kommunestyret ber rådmannen syta for at:
 - a) det vert utarbeida eit økonomireglement som omhandlar kommunen sine retningslinjer knytt til økonomi. Det kan eksempelvis inkludera investeringsprosjekt, rapportering og innkjøpsrutinar.
 - b) Eidfjord kommune har ein oppdatert arkivplan i tråd med gjeldande regelverk.
 - c) postmottak i større grad er ein adressat ved inngåande post og ved bruk av e-post i saksbehandling for å sikra at dokument vert journalført og lagra i fellesarkivet.
 - d) etterleving av rutinar for journalføring og arkivering hjå tilsette i kommunen vert styrka og styrka internkontrollen i forhold til leiarane sitt arkivansvar.
 - e) eventuelle avvik knytt til arkivrutinane i fagsystem og webhotell vert retta opp.
3. Kommunestyret ber rådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 01.09.2021 til kontrollutvalet.

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte om arbeidet og rapporten.

- Arbeidet har gått over fire år.
- Prosjektleiing har hatt god styring på prosjektet.
- Byggeperioden har vore godt handtert i høve bebuarar og tilsette.
- Noko oppfølging/avvik forseinka grunna korona.
- Dei største avvika i høve lov og regelverk har vore på arkiv og dokumentasjon av prosjektet.

- Økonomi: Avvik på 1,6 % på budsjett er etter revisjonen si meining bra.
- Hovudkonklusjon frå revisor er at prosjektet er godt gjennomført.

Kommunen har hatt moglegheit til å krevja dagbøter, men har ikkje gjort dette. Kven er det som har avgjerdslemynde i høve kontraktoppfølging på dette?

Etter sams drøfting vart følgjande forslag samrøystes vedteke.

1. Kontrollutvalet ber revisjonen gå i dialog med rådmann slik at feil påpeika frå rådmannen si side vert avklara før rapport vert lagt fram for endeleg handsaming i kontrollutval og kommunestyre.
2. Kontrollutvalet ber revisjon gjere greie for kvifor det ikkje vart gjort bruk av dagbøter i prosjektet, og kven som hadde mynde til å avgjere dette?
3. Kontrollutvalet ber revisjonen undersøke med Eidfjord kommune at alt arkivmateriale i prosjektet er tilgjengeleg for kommunen etter at prosjektet vart ferdigstilt.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber revisjonen gå i dialog med rådmann slik at feil påpeika frå rådmannen si side vert avklara før rapport vert lagt fram for endeleg handsaming i kontrollutval og kommunestyre.
2. Kontrollutvalet ber revisjon gjere greie for kvifor det ikkje vart gjort bruk av dagbøter i prosjektet, og kven som hadde mynde til å avgjere dette?
3. Kontrollutvalet ber revisjonen undersøke med Eidfjord kommune at alt arkivmateriale i prosjektet er tilgjengeleg for kommunen etter at prosjektet vart ferdigstilt.

PS 4/21 Prosjektplan forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføra forvaltningsrevisjon av kommunen si rolle i næringsutvikling, handsaming av plan og byggesaker med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og eventuelle innspel som kjem fram i møtet.
2. Korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 20.02.2021
3. Kontrollutvalet gjev utvalsløiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
4. Godkjend prosjektplan skal leggjast fram som referatsak i kontrollutvalet i neste møte.
5. Kontrollutvalet mottek milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.
6. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt siste møte i 2021

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

7. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføra forvaltningsrevisjon av kommunen si rolle i næringsutvikling, handsaming av plan og byggesaker med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og eventuelle innspel som kjem fram i møtet.
8. Kontrollutvalet mottek milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.
9. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt siste møte i 2021

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføre forvaltningsrevisjon av kommunen si rolle i næringsutvikling, handsaming av plan og byggesaker med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og eventuelle innspel som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalet mottok milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.
3. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt siste møte i 2021

PS 5/21 Orientering frå revisor - nytt frå revisjonen.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Elin Bye presenterte Vestlandsrevisjon som nytt selskap.

Presentasjon og budsjett og økonomiplan for Vestlandsrevisjon IKS vert å sende sekretariatet etter møtet.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 6/21 Møteplan for Kontrollutvalet 2021

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2021

Kommune	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Eidfjord:											
Kommunestyre											
Formannskap (Rekneskap)											
Kontrollutval		4			6			30		25	

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke med ei endring.

Møtet i september vert sett til 16.09

Vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2021

Kommune	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Eidfjord:											
Kommunestyre											
Formannskap (Rekneskap)											
Kontrollutval		4			6			16		25	

PS 7/21 Kontrollutvalet på kommunen si heimeside.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner tekst om kontrollutvalet som skal leggjast ut på heimesida til Eidfjord kommune, med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Kontrollutvalet ber om at Eidfjord kommune legg ut den godkjende teksten på heimesida.

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

3. Kontrollutvalet godkjenner tekst om kontrollutvalet som skal leggjast ut på heimesida til Eidfjord kommune, med dei endringane som kom fram i møtet.
4. Kontrollutvalet ber om at Eidfjord kommune legg ut den godkjende teksten på heimesida.

PS 8/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det vart meldt tre spørsmål til eventuelt.

1. Haldis M. Rieber:
Handtering av smittetest av tilreisande frå nabokommunane og vidare prosedyrar for dette.
Spørsmålet vert sendt inn skriftleg til ordførar/rådmann og svara ut i neste møte.
2. Jostein Hovland:
Kloakkutslepp på Halne og handtering frå kommunen si side.
Spørsmålet vert sendt inn skriftleg til ordførar/rådmann og svara ut i neste møte.

3. Kjell Ove Tveit:

Ordfører si stilling knytt til næringsutvikling?

Ordfører Anders Vatle svara.

Vedtak

Ingen vedtak gjort.

Referatsaker

RS 1/21 Spørsmål

Saksprotokoll 04.02.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Sekretariatet orienterte kort om at budsjettforslaget frå kontrollutvalet er vedteke i kommunestyret med ei endring. Forslag om auke frå 200 til 300 timar årleg forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll vart ikkje teke til følge. Det vil seia at kontrollutvalet i Eidfjord har 200 timar til disposisjon til slikt arbeid i 2021.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 25/21 Orientering frå ordførar, hending i fjellet



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/161-19
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	25/21	06.05.2021

Orientering frå ordførar/rådmann, hending i fjellet

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er oppfølging av spørsmål frå utvalsleiar til ordførar/rådmann i kontrollutvalet sitt møte 04.02.21 og sendt skriftleg etter møtet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 04.02.2021 vart det protokollert slik under PS 8/21

*«Kloakkutslepp på Halne og handtering frå kommunen si side.
Spørsmålet vert sendt inn skriftleg til ordførar/rådmann og svara ut i neste møte.»*

Spørsmålet vart sendt ordførar og rådmann 05.03.2021 og lyder slik:

Spm. til Rådmann og Ordførar.

Etter henvendig frå publikum er utvalgsleiar gjort oppmerksom på kloakkutslipp ved Halne.

Saka er framstilt slik:

*Kloakk system er ikkje tilfredsstillande, krav om utbedring har vorte utsett fleire gonger.
Vidare blir det påstått at kloakk aktivt har blitt pumpa ut i Halnefjorden. Politi vart varsla og køyrer utrykning mot Halne. På veg mot Halne kontaktar dei Kommunen (ordførar?) og blir avbrutt på si utrykning.*

Er dette rett?

Kva løyve og utsettelse er gitt?

Har det vore midlertidige avbøtende tiltak?

Kor står saka no?

mvh Jostein Hovland

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har bede ordførar og / eller rådmann om å orientere utvalet i høve spørsmålet frå utvalsleiar.

Konklusjon

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/161-20
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	26/21	06.05.2021

Orientering frå rådmann, spørsmål til smittehandtering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Dette er oppfølging av vedtak i PS 8/21 Eventuelt og spørsmål til rådmann frå utvalet i møte 04.02.2021

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune gjorde slikt vedtak i PS 8/21 i møte 04.02.21:

Haldis M. Rieber: Handtering av smittetest av tilreisande frå nabokommunane og vidare prosedyrar for dette.

Spørsmålet vert sendt inn skriftleg til ordførar/rådmann og svara ut i neste møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har invitert rådmannen til møte 06.05.21 for kort å orientera om spørsmålet.

Konklusjon

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/66-6
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	27/21	06.05.2021

Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderingane frå dagleg leiar Elin Bye og forvaltningsrevisor Arne Gilbakken, vedrørende om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune, til etterretning.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune. Vedlagte uavhegighetserklæringar ligg til grunn for saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Elin Bye
- 2 Arne Gilbakken

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal ansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar løpande vurdere sin uavhengighet. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. Kommunelova § 23-2, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

Vurderingar og verknader

I kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet står det m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

I Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 Krav til revisors uavhengighet står det dette:

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet. Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.»

Vidare står det i § 19 Krav til egenvurdering av uavhengighet i same forskrift dette:

«Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.»

Ansvarleg revisor hjå Vestlandsrevisjon IKS og forvaltningsrevisor Arne Gilbakken har no sendt over slike egenvurderingar dagsett 29.04.2021. Desse ligg ved saka.

Som det går fram av kommunelova har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si egenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er bestilt av kontrollutvalet. Det er ingen ting i veien for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengighet og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for kommunen ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og storleiken på oppdraget.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Vestlandsrevisjon IKS sin uavhengighet i høve Eidfjord kommune.

Revisor har heller ikkje hatt oppdrag for Eidfjord kommune ut over bestilling frå kontrollutvalet som svekkar uavhengigheten.

Konklusjon

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa vert det tilrådd å ta informasjonen til etterretning.

Til Kontrollutvalet i Eidfjord Kommune

Kopi:
Kommunestyret
Kommunedirektøren

Stadfesting av revisor sin uavhengigheit

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, gjer med dette underteikna oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av vår uavhengigheit til kontrollutvalet. Underteikna er kjend med at kravet til uavhengigheit og objektivitet også gjeld for revisor sine medarbeidarar. Krava til uavhengigheit og objektivitet gjeld for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I Vestlandsrevisjon IKS sine revisjonsplanar inngår ei vurdering av uavhengigheiten til kvar einskild revisor i verksemda sitt revisjonsteam som eit eige punkt i revisjonsplanen.

Ifylgje kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet. Denne eigenvurderinga fylgjer nedanfor.

Oppdragsrevisor si eigenvurdering av krava

Forskriftskrav	Eigenvurdering
1. Krav til revisor si uavhengigheit, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16	§ 16. Underteikna stadfestar at det ikkje føreligg særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisoren si uavhengigheit og objektivitet.
2. Revisor si tilknytning til den reviderte verksemda, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17	§ 17. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har ei slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte verksemda eller verksemda sine tilsette eller tillitsvalde at den er eigna til å svekke revisoren si uavhengigheit og objektivitet. Heller ikkje revisor sine nærstående har slik tilknytning.

3. Revisor sine stillingar, verv og tenester, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18	§ 18 a. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i kommunen
	§ 18 b. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i ei verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i, eller er eigar av utover at Vestlandsrevisjon IKS utfører revisjon og er organisert som eit interkommunalt selskap
	§ 18 c. Underteikna stadfestar at revisor ikkje er medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i eller er eigar av, utover at revisor si verksemd utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
	§ 18 d. Underteikna stadfestar at revisor ikkje deltek i, eller har funksjonar i noko anna verksemd, som medfører at revisor sine interesser kjem i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på anna måte er eigna til å svekke tilliten til revisoren
	§ 18 e. Underteikna stadfestar at revisor ikkje utfører rådgjevingstenester eller andre tenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er eigna til å svekke revisor sin uavhengigheit og objektivitet
	§ 18 f. Underteikna stadfestar at revisor ikkje yter tenester som høyrer inn under den reviderte verksemda sine egne leiings- og kontrolloppgåver
	§ 18 g. Underteikna stadfestar at revisor ikkje opptrer som fullmektig for den reviderte verksemda, unnateke ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Voss, 29. april 2021



Elin Bye

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor

Til Kontrollutvalet i Eidfjord Kommune

Kopi:
Kommunestyret
Kommunedirektøren

Stadfesting av revisor sin uavhengigheit

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, gjer med dette underteikna oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av vår uavhengigheit til kontrollutvalet. Underteikna er kjend med at kravet til uavhengigheit og objektivitet også gjeld for revisor sine medarbeidarar. Krava til uavhengigheit og objektivitet gjeld for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I Vestlandsrevisjon IKS sine revisjonsplanar inngår ei vurdering av uavhengigheiten til kvar einskild revisor i verksemda sitt revisjonsteam som eit eige punkt i revisjonsplanen.


Ifylgje kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet. Denne eigenvurderinga fylgjer nedanfor.

Oppdragsrevisor si eigenvurdering av krava

Forskriftskrav	Eigenvurdering
1. Krav til revisor si uavhengigheit, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16	§ 16. Underteikna stadfestar at det ikkje føreligg særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisoren si uavhengigheit og objektivitet.
2. Revisor si tilknytning til den reviderte verksemda, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17	§ 17. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har ei slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte verksemda eller verksemda sine tilsette eller tillitsvalde at den er eigna til å svekke revisoren si uavhengigheit og objektivitet. Heller ikkje revisor sine nærstående har slik tilknytning.

3. Revisor sine stillingar, verv og tenester, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18	§ 18 a. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i kommunen
	§ 18 b. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i ei verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i, eller er eigar av utover at Vestlandsrevisjon IKS utfører revisjon og er organisert som eit interkommunalt selskap
	§ 18 c. Underteikna stadfestar at revisor ikkje er medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i eller er eigar av, utover at revisor si verksemd utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
	§ 18 d. Underteikna stadfestar at revisor ikkje deltek i, eller har funksjonar i noko anna verksemd, som medfører at revisor sine interesser kjem i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på anna måte er eigna til å svekke tilliten til revisoren
	§ 18 e. Underteikna stadfestar at revisor ikkje utfører rådgjevingstenester eller andre tenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er eigna til å svekke revisor sin uavhengigheit og objektivitet
	§ 18 f. Underteikna stadfestar at revisor ikkje yter tenester som høyrer inn under den reviderte verksemda sine egne leiings- og kontrolloppgåver
	§ 18 g. Underteikna stadfestar at revisor ikkje opptrer som fullmektig for den reviderte verksemda, unnateke ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Voss, 29. april 2021


Arne Gilbakken
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/68-18
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	28/21	06.05.2021

Årsrekneskap og årsmelding for Eidfjord kommune 2020 - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 1 for 2020 frå Vestlandsrevisjon IKS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 16.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2020 for Eidfjord kommune. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Årsrekneskap og årsmelding for Eidfjord kommune 2020 - uttale frå kontrollutvalet
- 2 Revisjonsmelding 2020
- 3 Revisjonsbrev nr. 1 Eidfjord kommune
- 4 Årsrekneskap for Eidfjord kommune 2020
- 5 Årsmelding for Eidfjord kommune 2020
- 6 Etterlevingskontroll Eidfjord kommune 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal i møte 06.05.2021, behandle utvalet sin uttale til Eidfjord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2020. Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor er invitert til møtet for å presenterte årsrekneskapen og å svare på spørsmål.

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og egne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og egne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå rådmann dagsett 15.04.2021
- Rådmann si årsmelding, dagsett 26.03.2021
- Revisjonsmelding, dagsett 15.04.2021
- Revisjonsrapport nr. 1, dagsett 15.04.2021
- Rapport etter etterlevingskontroll dagsett 26.04.2021
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til kommunen
- Gjennomført påsjå-ansvar overfor revisor

I tillegg har ansvarleg revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Revisjonsmelding frå Vestlandsrevisjon IKS

Kommunen sin revisor har avgitt revisjonsmelding utan merknadar til årsrekneskapen, men med eit atterhald i høve årsmeldinga.

«Grunnlag for konklusjon med atterhald

Årsmeldinga inneheld ikkje skildring av eventuelle avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane i budsjettet opp mot endeleg avlagt årsrekneskap. Me kan av den grunn ikkje uttale oss om eventuelle budsjettavvik knytt til vedtekne premisser.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.»

Revisjonsmeldinga viser eit netto driftsresultat i kommunekassen på kr. 9.412.753, -

Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette har Vestlandsrevisjon IKS levert «Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen» dagsett 26.04.2021 (Sjå vedlegg)

Uttalen omhandler bestemmingar og vedtak i økonomiforvaltninga. Det går vidare m.a. fram at uttalen er basert på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Til slutt konkluderer Vestlandsrevisjon IKS m.a. slik:

Konklusjon med atterhald

Basert på dei utførte handlingane, innhenta bevis og informasjon gitt i «Grunnlag for konklusjon med atterhald», har me med moderat tryggleik grunn til å tru at Eidfjord kommune ikkje har tilfredsstillande rutinar som sikrar etterleving av bestemmingane om konkurranse for offentlege anskaffingar.

Revisjonsrapport nr. 1 for rekneskapsåret 2020 frå Vestlandsrevisjon IKS


Revisjonsrapport nr. 1 for 2020 frå Vestlandsrevisjon IKS til kommunen, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapssaka i kontrollutvalet. (Sjå vedlegg) Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har revisor gjeve nokre tilrådingar til kommunen på tilhøve som bør og kan forbeistrast.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vurdere om dei skal be rådmannen om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å rette opp i desse tilrådingane.

Vurdering av rekneskapen

Av rekneskapen for 2020 har sekretariatet merka seg at netto driftsresultat er positivt med kr. 9.412.753, - dvs. netto resultatgrad på 4,80 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 2,5 % i 2020. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Eidfjord kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2016 (6,75%), 2017 (5,54 %) 2018 (8,16%), 2019 (4,82%) og 2020 (4,80%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2020 er betre enn tilrådinga frå TBU, og over snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 - 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Disposisjonsfondet i 2020 er på 22,2 % av driftsinntektene, altså godt over Riksrevisjonen si tilråding på minst 5 %.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Det er ei målsetting om at denne bør vere under 5% I 2020 er denne på 4,5% for Eidfjord kommune.

Eidfjord kommune har på bakgrunn av dette positivt driftsresultat og eit stort disposisjonsfond for 2020 , lånegjelda er godt under tilrådinga frå Riksrevisjonen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtaler dette.

Sekretariatet merker seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

Kraftprisane utvikla seg svært negativt for kommunen gjennom 2020. Dette var ei uventa utvikling, som medførte vesentleg lågare inntekter på kraftinntektene til kommunen i 2020. Dette kan og ha stor påverknad i framtidige kraftinntekter dersom utviklinga held fram over tid. Saman med stopp i cruiseaktiviteten, som åleine medførte reduserte netto inntekter til kommunen på ca. 5,0 mill., så har dette sett kommuneøkonomien under noko press.

Kommunen er avhengig av kraftrelaterte skattar. Det betyr at kraftprisane og svingningar i desse, har ein direkte påverknad på kommunen sin økonomi. Dette er forhold vi ikkje styrer heilt og fullt sjølv. Utviklinga i kraftprisane gjennom 2020 medfører at vi i framtida må vera forsiktige, og prioritere nøye bruk av midlar. Samtidig som vi skal levere tenester av god nok kvalitet. Dette er ein balansegang som til tider kan vera utfordrende, og som medfører at vi relativt raskt må tilpasse oss nye forhold.

I tråd med «Forskrift om kontrollutvalg og revisjon» § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2020.

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid*
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene*
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne*
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard*
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling*
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»*

Vidare står det dette i kommunelova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Eidfjord kommune har løyst dette ved å rapportere om internkontroll og om statleg tilsyn som ein del av årsmeldinga. Sekretariatet har merka seg at alle desse tilhøva er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2020.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Disposisjonsfond
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Resultat av etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga
- Atterhald i revisjonsmelding

Konklusjon

Eidfjord kommune har i 2020 eit positivt driftsresultat, godt disposisjonsfond mens lånegjelda er låg i høve tilrådinga frå Riksrevisjonen.

På bakgrunn av det som kjem fram i «Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen», og revisjonsrapport nr. 1 for 2020 frå Vestlandsrevisjon IKS meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be rådmann om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilråding i rapportane og atterhald i revisjonsmelding og etterlevingskontroll.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.



Til Eidfjord kommune ved kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2020

Kontrollutvalet har 06.05.2021 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 for Eidfjord kommune som motteke frå kommunen 28.04.2021, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 15.04.2021

Kommunen har i 2020 eit netto driftsresultat på kr 9.412.753,- Revisor har avgitt revisjonsmelding utan merknadar til årsrekneskapen, men med eit atterhald i høve årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga tilrår kontrollutvalet etter ei samla vurdering at årsrekneskap og årsmelding for 2020 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på 4,8 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 4,54 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 22,2% av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

Andre områder:

Kontrollutvalet tilrår at Eidfjord kommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 1 for 2020 frå Vestlandsrevisjon IKS. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar

Kontrollutvalet rår kommunestyret til å be rådmannen følgje opp resultat av etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga frå Vestlandsrevisjon IKS, dagsett 26.04.2021

Kontrollutvalet er nøgd med Eidfjord kommune si årsmelding knytt til omtale av kommunelova § 14-7 a-f og rapportering etter kommunelova § 25-2 internkontroll og tilsyn.

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 15.04.2021 og revisjonsrapport nr. 1, dagsett 15.04.2021, har kontrollutvalet ikkje merknader til Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2020.

Kopi:

Formannskapet

Til kommunestyret i Eidfjord kommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Kommunedirektøren

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Eidfjord kommune, som viser eit netto driftsresultat på kr.9.412.753,- i kommunekassen. Årsrekneskapen er samansett av:

- kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er:

- kommunekassa sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese den ytterlegare informasjonen, for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidd av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

